

Elin og Henry Fanebust
Lindåsvegen 2088
5955 LINDÅS

Våge, 05.02.2021

Link Arkitektur A/S
v/Andreas Neumann Meyer

kopi: Alver kommune, byggesak

MERKNADER TIL: Gbnr 99/4 Våge - SØKNAD OM DISPENSASJON AV 22.01.21.

Skrivet frå Harris er misvisande, stemmer ikkje med dei faktiske forholda på 99/4

Faktum er at eigar fram til no systematisk har utradert 6 mål produktiv innmark, og omgjort dette til eit steinørken-platå utan forankring i natur eller kulturlandskap. Det har foregått og foregår framleis ei storstilt anleggsvirksemad av eigar, utan relevant søknad, i dette LNF-området. Resultatet er at 6 av dei 25,5 måla produktiv innmark som Harris hevdar finst på 99/4, no er ulovleg vekke frå kartet. (Og dette **før** planlagt inngrep frå sauehus + 4 m brei landbruksvei tvers over innmarka, som begge vil redusere ytterlegare).

Harris beskriv inngrep frå omsøkt bebyggelse til 412,9 m². Dette er kraftig villeiande når inngrep alt **før** søknad er på **6000 m²**. Med tillegg av sauehus og vei vil søker si nedbygging av innmark i dette LNF-området dreie seg om kring 1/3 av den totale innmarka på 99/4.

Harris si beskriving er **feil**, den er misvisande/tilslørande/villeiande.

Nytt døme: «*Arkitekt har arbeidet for å sikre en hensiktsmessig plassering av huset i kulturlandskapet, samt at nyttbar landbruksjord ikke skal gå til spille*». Det kunne ikkje vore meir feil. Faktum er at *alt* kulturlandskap og *all* jord er tatt vekk over 6 mål der huset skal stå, og på dette 6 mål store steinplatået finst det **ikkje ein millimeter rest av kulturlandskap**.

Harris har utelatt faktiske forhold, og vesentlege opplysningar er misvisande i Harris sin søknad. Søknaden er på den måten forleieande.

LNF-FORMÅLET VESENTLEG SVEKKA AV EIGAR FARE FOR YTTERLEGARE SVEKKING VED DISPENSASJON

Som forklart har søker til no **svekka** LNF-føremålet vesentleg både for innmarka og kulturlandskapet (utan søknad eller løyve). Historikken i denne saka talar sterkt imot å gje dispensasjon. Ein dispensasjon har potensiale til dramatisk ytterlegare svekking. Når misleghaldet som har funne stad kunne skje sjølv **utan** relevante løyve, kan ein berre tenkje.

Vi fryktar ei ny og ulovleg anleggsvirksemad på 99/4, med nye katastrofale inngrep i innmark og kulturlandskap. Erfaring (bevisleg) i saka talar ikkje for at tiltakshavar vil begrense seg til løyve han får, erfaring viser at tiltakshavar utfører heilt andre tiltak enn dei han får løyve til.

FORINGSHUS FOR SAU

Eit foringshus er berettiga til stadbunden næring dersom ein skal drive med sau. Men her har vi ei oppriktig sterk frykt for terreng-inngrepa i samband med tiltaket, i tillegg til bekymring for at bygget i seg sjølv kan bli noko anna enn det det er søkt som. Vi meiner at det pr idag vert feil å gje

dispensasjon til foringshus for sau så lenge her berre eksisterer *tankar* om sauedrift og ingen konsesjon. Dispensasjon til foringshus for sau må difor kome *i etterkant av konsesjonen*, for å sikre at det verkeleg er eit foringshus som vert bygd.

RIVING AV GAMALT VÅNINGSHUS / OPPFØRING AV NYTT

Vi ser det naturleg at 99/4 får dispensasjon til riving av det gamle våningshuset i samband med bygging av eit nytt, vi har ingen merknader til dette.

I tråd med fylket sine tidlegare anføringar til kommunen vert det då viktig å ivareta og tilbakeføre den vesle restinnmarka/restkulturlandskapet i gamletunet.

KÅRBOLIG IKKJE NAUDSYNT FOR DRIFT AV 99/4

Ifølge myndighetene kan kårbolig kun forsvarast «hvis bygningen er nødvendig av hensyn til driften av gården». I dette tilfellet er ikkje det driftsmessige behovet tilstades. Det er ikkje økonomisk grunnlag for 2 bustader til å drive stadbunden næring på 99/4. Pr idag eksisterer det heller ingen konsesjon på bruket, berre *tankar* om sauedrift.

Ein bustad nr 2 vil også medføre fare for seinare frådeling, noko som ikkje er ønskjeleg etter LNF-formålet. Verdi-auken i samband med bustad nr. 2 vil i tillegg gjere at eigarskifte knytt opp mot stadbunden næring i praksis vert umuleg. Også dette stirr mot LNF-formålet og statleg politikk. Vi går av desse grunnar imot at det vert gitt dispensasjonsløyve til kårbolig på 99/4.

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust